




Jolekveld

I KÝRKJELYDEN

Nr 6 | 2023 | 82. årg



**Neste nummer
kjem medio februar.**

**Frist for melding
om stoff er torsdag
25. januar 2024.**

*Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak,
påmelding til dåp og mykje anna finn du på
www.vosskyrkja.no*



**Kyrkja på Voss er på
Facebook. Følg oss!!**



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).



Om Jolekveld i Kyrkjelyden:

Jolekveld i Kyrkjelyden vert, i likhet med Kyrkjelyden, utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit for tida Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Ingrid Kløve-Graue. Svein Tøsse er redaktør.

Grafisk produksjon: Vaksdalposten / Trykkeri: Molvik Grafisk A.S. Opplag: 7300 eksemplar. Jolekveld i Kyrkjelyden vert gjeve ut som fulldistribusjon, som tyder at bladet vert lagt i postkassane til alle husstandar i Voss Herad.

Framsidebilete: Frostnatt ved Raundalselva. Fotograf: Åshild Bøe Kharazmi.

The poster features a black and white photograph of Trygve Skaug smiling and holding an acoustic guitar. To his left, text provides details about the concert.

TRYGVE SKAUG
Seine natt
DESEMBER

3. desember
VANGSKYRKJA
Voss

trygveskaug.no

Innhald:

Side 4-5..... **Jolehelsing frå biskopen**

Side 6-8..... **Kva veit me om englane?**

Side 9-11..... **Intervju med Frode Vik**

Side 12-16..... **Borna sine sider**

Side 17..... **Grøn kyrkjelyd**

Side 20..... **Misjonsprosjektet**

Side 23-27..... **Konfirmantar 2023**

Side 30..... **Kyrkjelege handlingar**

Side 31..... **Gudstenesteliste**



*Jolekonkurranse: Kor mange jolekuler med engel
finn du i bladet? Svar på side 31.*

Jolehelsing

Redaksjonsnemda vil takka annonsørane våre og alle
som har kome med idear og ytt hjelp til stoffet og bileta i jolebladet.
Me vil få ynskja lesarane våre ei signa jolehøgtid i heim og kyrkjelyd,
og eit godt år i vente.

Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Tekst: BISKOP RAGNHILD JEBSEN

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa

det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det



aller mørkaste. Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman.



Biskop Ragnhild Jebsen.

Foto: Bjørgvin bispedømekontor

Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den første jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er

den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda. Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



Verdsengelen. Frå eit jolekort utgjeve av Bibelselskapet i 2006.

Kva veit vi om englane?

Når jola nærmar seg, møter vi englar i store mengder – i butikkar og på postkort. Kva veit vi om desse skapningane?

Englane i bibelen

I joleevangeliet kjem englane til oss i rikt mon. Gjetarane på Betlehemsmarka opplever plutselig at ein Herrens engel står framfor dei og forkynner at Frelsaren er fødd i Davids by. Og brått var det ein stor himmelhær av englar som song: Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i. Alt ni månader før det, kom ein engel til Maria og forkynnte at ho skulle bli mor til Jesus.

Denne engelen hadde til og med eit namn: Gabriel. Og seks månader før det att kom same engelen til presten Sakarja og sa at kona hans, Elisabet, skulle føda ein son sjølv om ho var opp i åra. Då kvinnene kom til grava første dagen i veka, møtte dei ein eller to menn/englar i skinande klede som sa at dei ikkje skulle vera redde og at Jesus var stått opp att.

Bibelen fortel også at englar kan koma til oss i draumar, som då Josef vart beden om å ta til seg Maria og verta far til Jesus, og om vismennene som blir varsle i draume om at dei ikkje må fara attende til Herodes.

I det gamle testamentet kjem det også englar med beskjedar frå Gud til menneska, til dømes Hagar (1. Mos 16), Moses (2. Mos 3), Bileam (4. Mos 22), Gideon (Dom. 6) og profeten Elia (1. Kong. 19). Profetane Jesaja og Esekiel har også mektige visjonar av englar. I salmeboka møter vi også englar, særleg i jolesalma-



Glasmaleri over sørportalen i koret: Engelen Gabriel kjem med bod til Maria om at ho skal verta mor til Jesus.

Foto: Arne Mosefinn

ne. Av 46 jolesalmar nemner 31 englar.

Englane kjem «frå Guds kongestol». Her ber dei fram jubel, glede, lovprisning, fred og blomar frå paradis. Seinare i salmeboka er tilveret av englar mindre, men vi finn dei att i kveldssalmar for born.

Opplevingar av englar

Dette med barndom og englar er det nok mange som kjenner seg att i. Kven hugsar vel ikkje barnerommet med biletet av to born som blir vakta av englar. Borna går over ei bru med store sprekker. Under bruva er det ein buldrande foss. Over borna, med utstreckte hender, er det ein engel. Her er engelen ein skytsegigel.

Ei fersk undersøking utført av Norstat viser at rundt kvar fjerde person i Noreg (23 %) trur på englar. Eg har aldri møtt ein engel, korkje i draume eller

verkeleg. Mange – kanskje eg og – har likevel opplevd det dei kallar å ha englevakt. At dei på uforklarleg vis har vorte berga i vanskelege situasjoner, unngått store ulukker eller vorte friske på underfull vis.

I kunsten kan englane ha ulik utsjånad. Oftast er dei menn med skinande klede og vinger. Kvinnelege englar dukkar først opp i det nittande hundreåret. Barneenglar er ikkje uvanleg å sjå i vår tid.

Englehierarkiet

Ordet «engel» tyder bodbærar. Englane fungerer som bodbærarar frå Gud når han skal gjera noko kjent for folk.

Bibelen fortel om ulike typar englar. Ein har freista å ordna dei i eit slags hierarki der englane er inndelt etter funksjon og avstand frå Gud.

Serafane tek utgangs-



Erkeengelen Mikael på glasmaleriet i Raundalskyrkja.

Foto: Arne Mosefinn

punkt i Jesaja sin visjonar av dei vesena som står under Guds trone. Dei har seks venger, eit par dekkjer ansiktet, eit par dekkjer føtene og eit par held dei flygande (Jes 6).

Kjerubane blir nemnde over nitti gonger i bibeltekstane. Dei er den første engletypen som blir omtalt i Bibelen, då kjerubane vart sette til å vakta Edens hage (1. Mos 3).

>>>

Tronene tek utgangspunkt i profeten Esekiel sine visjonar av Guds vogn – mektige hjul med venger og auge (Esek 1).

Maktene er ansvarlege for orden i kosmos. Bestemmer kva dei lågare englane skal utføra av oppgåver.

Kreftene hjelper menneska med ulike ting, ikkje minst i trusspørsmål.

Herredøma er ansvarlege for grensene mellom himmelen og jorda.

Fyrstedømme vernar verda og leiarane i verda.

Erkeenglar – berre ein engel står nemnt som erkeengel i den protestantiske bibelen: Mikael.

Fleire kristne tradisjonar, mellom anna katolikkane, reknar dessutan med Gabriel, og Rafael som står nemnt i Tobits bok. Den katolske kyrkja omtalar også Uriel, og den ortodokse kyrkja inkluderer Selafiel, Jegudiel og Barakiel. Jødisk tradisjon har Sariel, Raguel og Remiel.

Islam opererer med fire erkeenglar: Mikael, Jibril (Gabriel), Izrail og Israfil.

Vanlege englar er *verneenglar* og *skytsenglar*. Dei står nærest menneska og utfører oppgåver på jorda.

Englar i Vangskyrkja

I Vangskyrkja finn vi englar mange stader. Taket i skipet og koret er dekt med englar mellom skyene. Den største mengda finn vi i taket i koret. No-



Taket i Vangskyrkja er dekorert med englar, her frå taket i koret.

Foto: Arne Mosefinn

kre glasmaleri inneholder også englar. I glaset ved troppa opp til galleriet tronar erkeengelen Mikael, som kyrkja er vidd til. Og det vesle glasmaleriet over den sørlege utgangsdøra i koret skildrar erkeengelen Gabriel sitt møte med Maria då ho får vita at ho skal føda Jesus. Og så har vi sjølv sagt dåpsengelen. Han kom på plass i kyrkja rundt 1820. Til ryggen erfest ei jarnstong som gjer at han kan firast ned eller

heisast opp. Han er skoren i tre og kvitmåla. I hendene held han ein krans som dåpsfatet kan setjast oppi. I boka om Vangskyrkja står det at han er «hidbragt fra København» og kostar 100 riksdaler.

Skytsengel. Biletet av engelen som vaktar borna heng på mange soverom i landet vårt.

Foto: Wikimedia Commons



Mange av opplysningane i dette stykket er henta frå magasinet Strek, nr. 5/2022.

Frode har blitt femti

Frode Vik er ein kar som ikkje alltid er så synleg – men han vert høyrd!



Tekst: FRODE KVAMSØE

Han er organist i Voss og Vaksdal, og er hovudorganisten i Evanger og Bolstad sokn. Men han er innom dei fleste kyrkjene i løpet av året, og spelar til gudsteneste, vigsel og gravferd. Frode er og såkalla repetitør for prosjektkora til Fossegrimen. Det betyr at Frode er oppteken med øving på torsdagkveldane frå august til desember, og det har han vore sidan 1996. Frode er og ofte å høyre i aksjon saman med Dale mannskor.

I august fylte Frode femti år – kven skulle truud det! Han vart hylla av sine medarbeidarar i ei samkome på Voss, og fekk jamvel gullklokka av sin arbeidsgjevar Voss kyrklege fellesråd då. Blomar og song fekk han og under ein kyrkjekaffi i Bolstadøyri bedehus i haust.

- Oppveksten min hadde eg på Stamnes, og no bur eg i barndomsheimen min der. Så med unnatak av om lag 15 år på Voss er det der eg har budd heile livet.

Frode meiner han var 3-4 år gammal første gong han spela eit instrument.

- Då kjøpte bestefaren min eit slikt stoveorgel som mange hadde heime på den tida. Der var det to manualar og rytmeboks.



Bestefaren min lærte meg melodiar, og eg fekk speila på orgelet når eg ville. På barneskulen spela eg blokkfløyte, slik alle gjorde. Den hausten eg fylde 11 år byrja eg i Stamnes skulekorps, og instrumentet mitt vart euponium.

10 år gammal fekk Frode ein gitar til jul, men var ikkje heilt nøgd med det.

- Det var slalåmski eg ynskte meg! Så eg vart veldig skuffa. Men året etter fekk eg slike ski, og då ordna det seg. Den fyrste tida klimpra eg berre på gitaren, men etter kvart har gitarspelinga fått meir fokus.

- Eg byrja å spele orgel i Vaksdal kommunale musikkskule. Det var Lars Ragnvaldsen som hadde undervisinga, og han har hatt ein særskild inspirerande påverknad på meg. Me var fleire som

starta opp med orgelspeling i musikkskulen hausten 1985, og me var samla i ei gruppe. Året etter fekk me tilbod om å prøve oss på kyrkeorgel, og fleire av oss gjorde det. Då var det gjort for meg. Før eg fekk Lars som lærar lika eg korkje klassisk musikk eller orgel. Etter kvart fann eg ut at orgelspeling kunne bli mitt yrkesval og noko eg kunne leva av.

Gitaren har blitt viktigare og viktigare for Frode. Top Gun Survivors er namnet på bandet han var med å skipa i 2006, der spelar han gitar og korar litt. Dei spelar 80-talsmusikk – og då er det pop og rock det går i. Fram til for fem år sidan heitte forresten bandet Xposed, og då pandemien kom vart det lite speling – men no tek det seg oppatt, seier han. Frode skriv sjølv litt musikk innimellom – «i rykk og napp».

- Eg var og i eit band saman med Heine Tjoflot, Ørjan Borge og Sindre Tveit som heitte Fog. Det var i den samanhengen. Både Heine og eg bidrog med eigne låtar som bandet spelte. Me spelte mykje rundt om på Voss og Ulvik med meir i åra 2000-2003.

Frode har for det meste berre vore organist på Voss, men sidan i fjar vår har han og fast deltidstilting i Vaksdal. Der var han og vikar frå 2016 og eit år framover.

- Fyrste gong eg spela til gudstenesta på Voss var i 1989. Då trengte dei vikar i Vangskyrkja, og eg sa ja til oppdraget. To år seinare vart eg «headhunta» av prosten til å spele i Voss, men fast stilling vart det ikkje før i 1997. Då hadde eg mellom anna vikariert i full stilling i om lag halvtanna år og gjekk så utan fast jobb i omlag to år.

I mange år var Frode fast pianist for Transitteateret i Bergen. Og korverksemid har han halde på med heile livet. I tillegg til arbeidet med prosjektkor til Fossegrimen spela han piano i Refleks i to år tidleg på 90-talet, og var med i ungdomskoret på Stamnes på 80-talet – fyrst på Yngres i bedehuset - og så var det kor etterpå.

Er det musikk du ikkje vil spele, til dømes i gravferd?

- Eg kan spele det meste der, men det er ikkje alltid at melodien i ein song er så tydeleg, og då gjer dei seg ikkje på orgel eller piano. I ei gudsteneste er det og mykje ulik musikk som kan spelast, men det er viktig at ikkje musikken og tekstane bryt med det som kyrkja står for.

Voss er jo ein stad med mykje musikk, til dømes folkemusikk og jazz. Er det musikk du likar?

- Utan tvil! Vossajazz er eg på kvart år.

Kva tyder det for deg å jobbe i kyrkja?

- Barnetrua har fylgd meg heile livet. At eg er organist er med og understrekar kontinuiteten i trua. Og

med musikken er eg med og formidlar bodskapet som kyrkja har – samstundes som musikken har ein eigen verdi.

Adventstida er ei travel tid for organistane. Det går i konserter, gudstenester og skulegudstenester, og det skal øvast saman med songarar og andre musikarar. Og like eins er jula ganske så travel.

- Denne jula skal eg spela i Vaksdal. Då vert det gudsteneste på tre stader på julafatn, og så på juledagane og nyårsaftan. Og det vert mykje god julemat heile jula, saman med familien.



Frå påskeleir på Fagertun leirstad, ca. 1984. Frode til venstre.

5 kjappe!

Kva musikk var det du lytta til i oppveksten?

- Smokie og Abba på 70-talet. På ungdomsskulen lytta eg veldig mykje på Dire Straits og Gary Moore

Kva musikk gjer deg glad?

- Jodling!

Kva musikk gjer deg trist?

- Tja... Eit døme på ein song som gjer meg trist er «Eg komme» av Bjørn Eidsvåg. Den songen er trist – men samstundes utruleg vakker.

Kva betyr musikken for deg?

- Musikken uttrykkjer kjensler, lidenskap og kommunikasjon.

Har du nokon framtidsdraum?

- Å få spele i Royal Albert Hall med band, kor, rytmeseksjon – og meg sjølv på gitar!





Trusopplæring i kyrkjene våre


T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

Årskavalkade 2023!

Trusopplæringa i Voss har god oppslutnad, og me får gode tilbakemeldingar på arrangementa. Barna får utforske kyrkjene på sitt nivå og verte kjende med både bygget og med trua. Mange barn og ungdomar er innom kyrkjene, sjølv om me gjerne skulle hatt endå fleire. Snakk om T-dagane med dei de kjenner. T-dagane er viktig for at barna skal verte kjende med trua og utruste dei til å ta eige val når det gjeld si eiga tru. Ta gjerne barna og T-dagane med i bøn i året som kjem.



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T₃

T3-Undretur
i Oppheim kyrkje

T₄

T4-Utdeling av
barnebibelen
i Oppheim kyrkje

T₆

T6-Heilt førsteklasses
skattejakt
i Granvin kyrkje

T6-Heilt førsteklasses
skattejakt
i Vangskyrkja

T₇

T7-Påskevandring
i Vangskyrkja

T7-Påskevandring
i Granvin kyrkje

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₆ T₇ T₈

T8



T8-Tårnagent
i Vangskyrkja



T8/T9-Tårnagent
i Granvin kyrkje

T9



T8/T9-På sporet av
Heilag Olav
på Evanger




T9-Pilegrimstur frå
Oppheim til Vinje



T10/T11-
Kristuskransen
i Evanger kyrkje

T10
T11



T10-Kristuskransen
i Vangskyrkja

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T7 T8

T11



T11

T11-Lys vaken
i Oppheim kyrkje

T10



T10/ T11-Lys vaken
i Granvin kyrkje



T13



T12

T12/13 -Movienight
i Vonheim



T14

Takk for mange flotte
stunder!!!



T14-Informasjon
om konfirmasjon
i Vangskyrkja


T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



9 • 8
10 • 7
11 • 6

Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesusbarnet.



Vits

– Kan eg få ein hund til jul, pappa?
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta fra bladet.

Bestill abonnement på Sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



Skaparverket og det skapande mennesket

Tekst: KARI BYE

Som student i kunstfag oppdaga eg etter kvart at det å skapa var ikkje eit fag eller eit yrke, det er ei oppgåve for menneskelivet på jorda. Me er ein del av skaparverket, men me er og medskaparar. Skaparanda ligg i oss. Me har skapt samfunn me lever i. Me har skapt verda vår slik den er i dag. Mykje fantastisk skaparkraft, men i den vestlege verda har me fremja den eine halvdelen av hjernen vår, og lamma den andre. Og så har det gått riktig galt.

Mykje har vore sagt og skrive om den høgre og venstre halvdelen av menneskehjernen, helst som to motstridande element, med mange forklaringar om korleis dei virkar på oss og

på samfunnet. Den venstre har stort sett vore rekna som den dominante og mest intelligente, med logikk, språk og vitskap, og knytt til det maskuline. Kjensler, intuisjon, og det skapande, vart plassert i den høgre halvdelen, og ofte sett på som noko mindre intelligent og av mindre verdi, knytt til det feminine. Det er svært misvisande.

Det viktige er kva forhold dei to sidene har til verda. Den høgre forstår verda heilskapleg, djupt og underande. Den venstre forstår ikkje verda, men er ein meister i presisjon, å skjera ting laus frå sin samanheng, og standardisera, katalogisera og manipulera dei. Begge er grunnleggjande for menneske, men verdien av dei må bli forstått.

Den einsidige utviklinga basert på venstre hjernehalvdel har stykkevis og delt ført til gradvis erobring og kontroll av livet på jorda, utan omsyn til heilskapen. Det er noko alle kan sjå at slikt blir ein kultur som fremjar mistillit, einsemd, og psykiske lidelser. Ein slik splitta sivilisasjon vil og avla fundamentalistar og fornekta det som samlar og omfattar alt.

Når me tek til å sjå verda i samanheng, vil me i medvitet vårt få eit anna forhold til det me har omkring oss her på jorda, og då kan me vera med og endra utviklinga vår. For hjernen styrer ikkje berre det me ser, den blir og forma av det. Korleis du ser på verda, gjer noko med det du ser. Det formar verda, og ditt syn blir forma av det, i ein gjensi-

dig formingsprosess. Dette gjeld og dei lange og djupe prosessane som formar mentaliteten i heile kulturar og sivilisasjonar.

Ei bok som fortel om dette, og mykje meir, i detaljar om mennesket som medskapar, er skriven av psykiatar og forskar Iain McGilchrist: «The Master and his Emissary: The Divided Brain and the Making of the Western World» Han skriv om den delte hjernen vår som «meistarar og tenar.» Venstre hjernehalvdel veit ikkje at hans kunnskap om verda er begrensa. Han vil ikkje erkjenna at han er avhengig av den andre. Han oppfattar verda i deler, som kan setjast saman til ein heilskap. Den høgre delen ser heilskapen og går meir varsamt fram, og veit at han treng den andre.



Med den tyske volontøren Maike i spissen vert det laga fine smykke.

Jolemesset i Vonheim 2023

Voss KFUK/KFUM arrangerer Jolemesse i Vonheim.

Tekst: BRIT FURRE
For jolemessenemnda

I skrivande stund er det samlingar i Vonheim kvar onsdag ettermiddag og utover kvelden, kvar veke fram til Jolemesset 2. desember. Me starta etter skulen sin haustferie, og held fram til veke 48, når jolesalet vert arrangert. Det vert arbeidd iherdig med å få til eit vareutval som kan freista den jamne vossing og tilreisande.

På kjøkkenet vert det laga syltetøy. Denne kvelden er det tytebær på kok, både med og utan eple, som vert fylte på glas og gjort ferdige til sal. Det plar elles å vera eit rikhaldig utval av syltetøy på messa. Det vert og laga fine smykke. Her sit unge damer frå Refleks med den tyske volontøren, Maike i gruppa. Det ser veldig vanskeleg ut, og her vert finmotorikken utfordra. Det vert fint. Underteikna kunne godt

tenke seg øyreringar i sølv med bitte små blå perler. Elles vert det strikka og sydd. Det er også kaffi og varm kveitebakst på anrettningssbordet, og det er god prat mellom dei arbeidande damene. Neste onsdag vert det andre aktivitetar. Det er mange bidragsytarar, så ein har ikkje oversikt over kva ein vil finna på salsborda enda. Det er spennande.

Jolemesset eller jolesalet

som det og vert kalla, er eit viktig arrangement for Voss KFUK/ KFUM. Me gler oss alltid til denne dagen.

Viktig fordi det kan vera ei hyggeleg samling rundt kaffibord, med mykje godt ein kan kjøpa frå kjøkkenet. Ein kan finna kjente og ukjente ein kan slappa av, og drøsa med ved inngangen til adventstida. Det bruker vera mykje folk og god stemning i huset den dagen. I kjellaren har vi og



Ivrige hender i gang med smykkelagning og strikking.

Alle foto: Ingrid Tønnesen

joleverkstad for barn, der dei yngste kan laga eigne jolegåver. Siste post på programmet er adventsstund med lystenning, song og andakt. I år er det Vettle Leksbø som har ord å dela med oss. Åresalet er til slutt, og der er det alltid mange fine vinstar. Det er eit eige loddsal som startar nokre veker i førekant av messa. Det er mange fine vinstar som vert gitt av handelstanden og privatpersonar.

Kva kan ein elles kjøpa på messa? Ein kan få førsteklasses pinnekjøt, rullepølse og råmjølkspudding frå Auro og eplemost frå Sogn. Det er eit rikt utval av jolekaker. Me sel flatbrød, lefser og potetkaker. I tillegg handlaga ting av både harde og mjuke materialar. Ein kan nok finna ein del jolegåver her.

I tillegg har vi ei utloddning med mange fine vinstar. Det er dokke med rikhaldig garderobe i år og. Me vil selja lodd på førehand over nokre veker.

Det er ikkje til å leggja skjul på at dette og er ei viktig inntektskjelde for KFUK/

KFUM. Messa er basert på friviljug arbeid. Her vert det på førehand gitt ting for sal av folk som bur på Voss og andre stader.

Kva går så pengane til? Det kostar å eige eit hus. Men huset er fullt av liv. Det er feire aktivitetar i Vonheim. Open barnehage er fast på huset kvar veke. Det same er Refleks Tensing. Refleks erså mykje meir enn eit kor. Her kan ungdomane kome etter skuletid, få middag og treffe venner med trygge vaksne til stades. Det er elles mange grupper med forskjellige aktivitetar i tillegg til kor og band.

Når dette står på trykk er det ikkje mange dagane att til Jolemessa i Vonheim. Alle er velkomne hit, til ein hyggeleg start på adventstida. Dersom du har noko du vil gje til messa er du velkommen til det og.

Me ønsker alle ei god adventstid!



Velkomen til Open jolaften feiring i Frelesarmeens

Den nærmar seg jol, og me veit at alle ikkje har nokon å feire saman med, det vert difor arrangert

**Open jolaften feiring jolaftan kl.17.00- 19.30,
med tradisjonell jolemat kaffi og kaker.
Her er borda ferdig pynta til jolekveld
og måltidfellesskap.**

Det vert litt program og me syng kjente jolasongar saman.

Alle er hjartegleg velkomne!

Kvelden vert ikkje lagt opp til familie med born.

Treng du skyss seier du ifrå når du melder deg på. Voss taxi har sagt seg villige til å stille denne kvelden.

**Påmelding: tlf. 97177985 eller mail:
post@voss.frivilligsentral.no**

Sjå nærmere informasjon i avisene Hordaland.
Pris ca kr 100,-

*Frelesarmeens, Voss Røde kors, Bymisjonen
og Den norske kyrkja.*



Misjonsprosjektet




Etiopisk kirkeleder med på NMS-sommerfesten

Tekst: INGER SINGH
PETERSEN

Biskop Yonas Yegesu fra den evangelisk lutherske Mekane Jesus kirke i Etiopia var en av hovedtalerne under NMS (Norsk Misjons-selskap) sin sommerfest og generalforsamling i juni/juli.

Mekane Jesus-kirken er verdens største lutherske kirkesamfunn med omkring 12 millioner medlemmer i ryggen. Det er et ung kirkesamfunn som ble opprettet i 1959, og da var der bare noen få tusen medlemmer. Men siden den gang har det nærmest vært en eksplosiv vekst.

Det viktigste redskapet for videre vekst er våre medlemmer sier biskop Yonas. Vår strategiplan legger opp til at alle våre 12 mill. medlemmer skal opptre som evangelister. Vi har satt oss som mål at alle medlemmene skal fortelle om Jesus til minst en person, som ikke deler troen hvert år. Mange av disse velger å bli kristne og melde seg



Biskop Yonas Yegesu fra den evangelisk lutherske Mekane Jesus kirke i Etiopia.

Foto: NMS

inn i kirken. Dette skal ikke oppleves som et press, men et tilbud om å leve tettere på Ham, vi tror på. Ingenting er umulig for Gud!

På visitaser og reiser er han innom mange menigheter. Over alt møter han stor aktivitet, store konfirmantkull, mange nydøpte og stadige menighetsetableringer.

Biskopen legger ikke skjul på at den eksplasive vekst

også fører med seg problemer. Et av problemerne er akutt prestemangel. Mekane Jesus-kirken har 16.000 kirker og prekesteder, men kun 6000 prester.

Løsningen på problemet er opplæring av lekfolk som skal ha prekener og ansvar for menighetene. Denne opplæringen strekker seg over 5 år. Ordningen fungerer godt – og kan også være en styrke for menig-

heten å se at lekfolk kan gjøre tjeneste – det øker deres frimodighet til å bringe evangeliet videre. Kirkemedlemmene er oppatt av at Bibelen er Guds ord og at det skal lyde en sann og sunn forkynnelse. Dette setter biskop Yonas stor pris på.

TAKK for biskop Yonas og den store kirkevekst i Etiopia.

BE om at den enkelte må bli bevart i troen.

Konsertar og arrangement

I KYRKJENE I VOSS DESEMBER 2023

Fredag 01.12. kl. 18.00 i Vangskyrkja
Lysmesse

Sundag 03.12. kl. 17.30 i Vangskyrkja
Konsert med Trygve Skaug

Sundag 03.12. kl. 19.30 i Oppheim kyrkje
Lysmesse

Torsdag 07.12. kl. 18.00 i Vangskyrkja
«Den fagraste rosa» - Voss kulturskule

Sundag 10.12. kl. 13.00 i Vangskyrkja
Julespel med MiniMidiSing

Sundag 10.12. kl. 16.00 i Vinje kyrkje
Me syng jula inn.

Onsdag 13.12. (Sjå lysing) i Vangskyrkja
Konsert med Voss skulemusikk

Laurdag 16.12. kl. 16.00 i Vangskyrkja
Konsert med Voss storband


Sundag 17.12. kl. 16.00 i Evanger kyrkje
Julekonsert Evanger musikklag m.fl

Sundag 17.12. kl. 17.00 i Vangskyrkja
Me syng jula inn
Musikklinia Voss gymnas, DUS m.fl

Sundag 17.12. kl. 19.00 i Vangskyrkja
Me syng jula inn. Jula i ord og tonar
Solistar/band

Tysdag 19.12. kl. 17.00 i Vangskyrkja
Jubileumskonsert VossaJazz

Torsdag 21.12. kl. 18.00 i Vangskyrkja
Konsert med Supergruppo



OPEN KYRKJE
frå kl. 18.00-19.00 4. og 11. desember

Her er rom for å tenne lys, stillheit eller bøn.
Tidebøn frå kl. 18.00.
Velkommen inn!

Velkommen til siste

FREDAGSKLUBB
før jol fredag 8. desember!
4.-6. klasse 18 - 20.00 og
7.-10. klasse frå 20 - 22.00



Gratis inngang og mat. Samlingsstund med mat, song og andakt, og ulike aktivitetar som bl.a. strikkehjørne, PlayStation, biljard, fotballspel, air hockey og mange ulike bordspel m.m. Og trygge vaksne som du kan prata om det er noko.

Vi takkar Voss Sparebank, Kjønnegardsstiftinga og IHM for støtta til Fredagsklubben. Det var eit stort behov for eit slikt tilbod på Vossestrand. Førre gong kom det 53 born/ungdom fordelt på dei to gruppene. Veldig kjekt.

Me held til i 1. og 2. etg i Kyrkjestova på Oppheim.

Ved spørsmål, kontakt Anja Slåtten: 417 04 958 eller Gro Samland 479 07 900



FRIVILLIGE

Kyrkja har mange oppgåver og har du litt tid til overs er det god bruk for frivillige!

Det kan vere: skyss til kyrkjes eller senior treff, vere med å lage til seniortreff, koke kyrkjekaffi eller følge nokon til ulike tiltak.

Ta gjene kontakt:

**Sigrid D. Mala, diakon,
tlf. 47 84 91 34 eller 56 52 38 80**

DÅP I DEN NORSKE KYKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

1. Foreldre/føresette melder barnet til dåp, gjerne via nettsida vår.
2. Presten tek kontakt for å avtale ein samtal, ofte nær dåpsdatoen.
3. Dåpssamtalen er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
4. Dåpen. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
5. Dåpsattest er eitdokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle velkomne til dåp hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå biletet).

Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp



Treng du nokon å snakka med ?

DØGNOPE TILBOD

Kirkens SOS, tlf. 22 40 00 40

Mental Helse, tlf. 116 123

Livskrisehjelpen som vert betjent av legevaktane:

Ringjer du 116 117 kjem du til nærmeste legevakt.

SMÅGRUPPER I VOSS SOKN

Her kan ein bygge felleskap, dele tankar, be, lese Bibelen saman.

Ta kontakt med Hans-Christian Küspert
eller Anja Slåtten for informasjon.

Du er hjarteleg velkommen!

**Mange har ikke råd
til å feire jul**

Forskjellene i Norge øker.
Julen blir vanskelig for mange.
Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.



Du kan hjelpe!

Gi en julegave på
vipps 13130



Blå Kors

Konfirmandar 2023

VANGSKYRKJA

6. mai 2023

Andreas Kvitne Rasmussen
Andreas Espeland Haug
Boye Wian-Kvarekval
Celia-Angelica Torsvik
Eilev Bryn Eikefjord
Eivind Ringheim
Emely Karin Barmen
Emma Tveit
Erlend Lunde Bystøl
Evy Mala
Gard Hestvik Furnes
Haldor Midthun-Djønne
Hallvard Gjerstad Herre
Heine Arefjord Bøe
Helena Ullestad
Hilda Jordalen
Hogne Dæmring-Styve Suhr
Håkon Samnøy Skjeldal
Ingeborg Meeg Farestveit
Isak Gjerald
Isaac James Silvester
Janne Johnsen-Iversen
Joel Haugsbø
Julia Dolve Lirhus
Julian Nesbø
June Alette Ervik Opheim
Lars Evensen-Søfteland
Ludvik Flatabø Thrane
Maja Helen Horn Fjellhaug
Maria Norekvål
Marius Lid Tangerås
Mathilde Bakketun Kyte
Mia Haukås
Niklas Giljarhus Kvåle
Nikolai Støvya Helland
Nina Alexandra Halleraker
Olav Rekve Østlie
Sara Hirth Steine
Sara Skorpen Kråkevik
Selma Vetaas Sjøtun
Sigurd Kyte Hommedal
Sigurd Lirhus Ree
Stella Sofie Slettemark Kjosås
Thomas Klette
Tilda Eikefjord Skutle
Vegard Tokvam Løne
Vidar Våge Mossige
William Schau Johansen
Åsmund Brunvær Aarsand

7. mai 2023

Alva Dagestad Steine
Anders Møn Mjelde

Anders Johan Bøe Litlere
Anita Tesdal Hirth
Athalie Birkenes
Bendik Torsvik
Brage Saue Lysne
Eirik Bakk-Opheim
Elias Træen
Elias Ophaug Røthe
Elias Limbo Gjernes-Mukelabai
Emil Flæte-Langberg
Emma Rongve Brattebø
Even Kolskår Gjelstein
Hans Olav Hjetland
Henrik Seim Turvoll
Haakon Eikevik
Joar Skare Selheim
Jori Flisram Tveiten
Kaia Lucero Skjelde
Leon Bryn Støle
Lina Dolve Øvsthus
Mari Nesheim Øvsthus
Mariell Bosåen Hirth
Martha Seim
Maximilian Kløve Aasetre
Nedal Mohamad Kerdi
Nikki Mossefin Dalseid
Oda Sørliie Lilletvedt
Peder Andresen
Sara Christensen Knapstad
Silje Herre
Simon Bjørke Merkesdal
Synneva Almeland
Tomas Brendehaug Østlie
Vilde Fykse
Vilde Fykse Strømmen
Ville Juhani Berg

14. mai 2023

Andrea Andersen Steinsland
Arn Skorve Kindem
Ellinor Dorte Rekve Ødegård
Emma Severine Kvåle
Emma Songve Flattun
Emma Gjerstad
Emma Stephansen Liland
Frøya Månum
Henriette Eilerås
Henrik Haga Standal
Haakon Halvorsen Rykke
Ingrid Næss Lunde
Iver August Horvei Andersen
Kiara Vinje Radulovic
Kristian Grønås Lodden
Kristian Vethe
Lilly Pedersen
Lisa Helland-Nordanger

Magnus Morland Amundsen
Mari Gudveig Hefte Holsen
Mari Andreassen
Mariell Tillung
Mathias Nilsen Benco
Noah Aaserød Berntzen
Oda Skaret Andersen
Saga Linea Skeie-Søreide
Shandee Floden
Sigrid Arthur-Graudo
Sunniva Toje
Thea Isabell Tveit Bakketun
Thomas Herfindal Korsrud
Varg Kvitne
Yvonne Berge Børsheim

RAUNDALEN KYRKJE

13. mai 2023

Emilie Schei Tharaldsen
Linnea Lindebrække Jordalen
Simon Våle

GRANVIN KYRKJE

14. mai 2023

Johannes Vatnøy Bolstad
Martin Sundberg Bjørke
Olav Fære Spildo
Tuva Hauger Kjærland

EVANGER KYRKJE

20. mai 2023

Anders Skjelde Horvei
Emil Ekerhovd Klette
Gurid Bolstad
Marte Engvold Mugås
Nathaniel Grønholt
Thomas Århus

OPPHEIM KYRKJE

27. mai 2023

Agnes Gilbakken
Christoffer Vatnøy Anthonissen
David Nordgård
Eirik Ulvund
Emil Blikberg Gjerald
Håvard Knapstad Tveite
Jarand Grindeland Nummedal
Sigrid Sleen Herheim
Steffen Giljarhus Jordalen
Trym Nedkvitne
Turid Nordanger
Åshild Herheim



VANGSKYRKJA
6. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
6. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
7. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
7. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
14. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
14. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



RAUNDALEN KYRKJE 13. mai

Foto: KYRKJA I VOSS



EVANGER KYRKJE 20. mai

Foto: KYRKJA I VOSS



GRANVIN KYRKJE 14. mai

Foto: KYRKJA I VOSS



OPPHEIM KYRKJE 27. mai

Foto: GRY SENDERUD

**Alt innan
sport og fritid**



S. Endeve Sport
Butikk i Vangsgata 47, Vangsgata 40 og Uttrågata 21
Tlf. 56 51 11 19
endeve@endeve.no - www.endeve.no



Telefon: 56 52 09 00
Epost: post@jordalen.no



**VI ER HER.
ALLTID.**



22 40 00 40

Vekselbanken
- ein god medspelar -
Telefon 56 52 35 00
www.vekselbanken.no

Me ynskjer alle ei god og fredeleg jolehelg!

A circular black and white illustration of a town square with buildings and trees.



Med ynskje
om ei fredeleg
jol, fylt med
glede og
kjærleik.



sylvsmedja.no



VOSS SOKN SI GJEVARTENESTE

Ynskjer du å bidra litt ekstra til kyrkja sitt lokale arbeid på Voss?

Brenn du for musikk, diakoni eller ungdomsarbeid?

Du kan støtte arbeidet vårt ved å gje eit beløp til kyrkja si gjeverateneste.

Ingen beløp er for store, ingen beløp for små. Me har endra konto for gåver. Alle gåver må setjast inn på kontonummer 3480 30 84647

Du kan også sende pengar på VIPPS til 127376 (Vangskyrkja).

Hugs å merke innbetalinga med kva du ynskjer at pengane skal gå til.

Helsing Voss sokneråd

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider:	Måndag-fredag 9-15 (onsdag 10-15)
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjeloge fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293 www.voss.kyrkja.no

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert
Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik
Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad
Frode Kvamsøe,
Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson
Tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik
Anne Marthe Ulvik, tlf 92435096
E-post: au237@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Anny Forthun
Tlf 481 36 520.

Voss: Bjørg Helland
Tlf 938 56 326.

Oppheim: Christine Kalsås
Tlf 911 33 556.

Vinje: Rigmor Ulvund
Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl
Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey
Tlf 911 32 608.

Voss kyrkjeloge fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme Rasdal

Tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar

Åshild Bøe Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

Tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084.

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Tlf 934 46 884.

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Redaktør i Kyrkjenytt Svein Tøsse

Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kontormedarbeidrar Idunn Holen,

Lene Brunborg og Ingrid Kløve-Graue.



Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjelunet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

03.09.23 Leon Drevsjø Selsvold
Birk Kvam Rødland
Birk Øye Finne
Eivind Ringheim-Hustveit
17.09.23 Ingeborg Torlei Husby
Thorvald Torlei Husby
Synva Nordli Bidne
Bendik Undal Misje
23.09.23 Sigurd Braig Tveit
01.10.23 Ola Skjærven
Eirik Leksbø
Isak Kvåle Akselberg
Johannes Seim Dregelid

08.10.23 Alina Flatnes Vaksdal
Eva Breistein
Joar Klette Abrahamsen
Eline Dagestad Viste
Frøya Horn Fjose
Theo Thorsnes Mykkeltvedt
Ask Nornes Dahlen
Svein Helland
15.10.23 Eystein Olea Nystad Grevle
22.10.23 Noah Nord Bidne
Liva Lindstad Eide
Emil Rebnord Bidne
August Haugland Mehl

Raundalen sokn:

23.09.23 Sophie Kvam Lemme

Vinje sokn:

01.10.23 Aurora Lund Draugsvoll

Evanger sokn:

01.10.23 Vilhelm Manger

Granvin sokn:

24.09.23 Johanna Velken Tveisme

Oppheim sokn:

30.09.23 Maja Egdetveit Jordalen

VIGDE

Voss sokn:

23.09. Ingelin Braig Giljarhus og Erelnd Guddal Tveit
23.09. Sofia Charlotta Landberg og Bjørn Ove Tolås
08.10. Ida Sofie Fagerli Håvik og Sindre Hoff Petersen

Oppheim sokn:

30.09. Ingrid Egdetveit og Håkon Jordalen

Raundalen sokn:

26.08. Christine Dahl og Lars Magnus Aurtande

DØDE

Voss sokn:

24.09.2023 Magne Tesdal, f. 1933
25.09.2023 Dagfinn Fenne, f. 1933
29.09.2023 Olav Tveiterås, f. 1944
03.10.2023 Anny Sofie Hernes, f. 1931
06.10.2023 Bjørn Walther Dugstad, f. 1946
06.10.2023 Inger Thorrud, f. 1929
10.10.2023 Nofa Ahmed Hussein, f. 1931
10.21.2023 Lars Himle, f. 1932
10.24.2023 Ingebjørg Kyte, f. 1925
02.11.2023 Jan Olav Rogne, f. 1953
04.11.2023 Signe Lid Trana, f. 1938
08.11.2023 Sigbjørn Laupsa, f. 1939

Evanger og Bolstad sokn:

25.09.2023 Inger Gurid Hårkau, f. 1935

Vinje sokn:

24.09.2023 Olav Bratthole, f. 1950
27.10.2023 Laila Tolås, f. 1957

Gudstenestelist

Bolstadøyri bedehus:

- 03.12. kl. 11.00 T3/4/5-dag og familiegudsteneste ved Camilla Velsvik og Frode Kvamsøe
24.12. kl. 14.00 Julaftan: Jolegudsteneste ved Arild Hellesøy
28.01. kl. 11.00 Gudsteneste ved Frode Kvamsøe
10.03. kl. 11.00 Gudsteneste ved Edvard Bø

Evanger kyrkje:

- 24.12. kl. 16.00 Julaftan: Jolegudsteneste ved Arild Hellesøy
07.01. kl. 11.00 Joletregudsteneste ved Frode Kvamsøe
18.02. kl. 17.00 Gudsteneste ved Frode Kvamsøe

Oppheim kyrkje:

- 03.12. kl. 19.30 Ljosmesse v/Sandvik og konfirmantar
24.12. kl. 12.00 Omsorgstunet v/Sandvik
24.12. kl. 13.30 Jolaftangudsteneste v/Sandvik
07.01. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik
21.01. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik
14.02. kl. 19.30 Askeonsdag v/Sandvik

Jordalen kapell:

- 10.12. kl. 11.00 Adventsgudsteneste v/Sandvik

Vinje kyrkje:

- 10.12. kl. 16.00 Me syng jola inn v/Sandvik
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Sandvik
14.01. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik
04.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik
18.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik

Raundalskyrkja:

- 25.12. kl. 12.00 Joledagsgudsteneste v/Sandvik
07.01. kl. 16.00 Jolatrefest v/Sandvik
25.02. kl. 10.00 Gudsteneste v/vikar

Vangskyrkja:

- 03.12. kl. 11.00 Gudsteneste med Nattverd v/Küspert.
Det nye soknerådet vert presentert, og det gamle vert takka av for innsatsen dei siste 4 åra.
10.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy
17.12. kl. 17.00 Me syng jola inn
17.12. kl. 19.30 Advent i ord og tonar
24.12. kl. 14.00 Familiegudsteneste på jolaften v/Leksbø og Küspert. MiniMidiSing deltek.
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Küspert.
24.12. kl. 16.00 Jolaftangudsteneste v/Küspert.
25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Hellesøy 1. joledag
26.12. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.
2. joledag/Stefanusdagen
31.12. kl. 23.00 Midnattsmesse v/Leksbø. Nyttårsaftan
07.01. kl. 11.00 Juletrefestgudsteneste v/Küspert.
Ei anna gudsteneste med mykje song og gang rundt juletree. Familiegudsteneste
14.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp
21.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp
28.01. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd
04.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd
11.02. kl. 11.00 Familiegudsteneste. Fastelavn - kle dykk gjerne ut. T4 - utdeling av barnebibelen.
14.02. kl. 11.00 Skriftemålsgudsteneste. Askeonsdag
18.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd
25.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.
Årsmøte for kyrkjelyden

Jolekonkurransen: Tal på jolekuler med engel er 11.

Voggesong til ein gjetargut

Tenn bålet, vesle gjetargut,
legg teppet godt ikring deg.

Denne dagen er snart slutt, min ven,
Maria held eit barn tett inntil seg.

Denne dirrande natt tenner ljós i vår verd, ei natt som er større enn du trur.

Så vis oss kjære gjetargut, eit glimt av himmel i kveld.

Så kjære vesle gjetargut,
kvil hovet på di pute.

Lat glørne varma teltet ditt,
det brenn eit ljós for oss langt der ute.

Denne dirrande natt tenner ljós i vår verd, ei natt som er større enn du trur.

Så vis oss kjære gjetargut, eit glimt av himmel i kveld.

Lyft augo, vesle gjetargut,
høyr englesongen klinga.

Den ber deg inn i draumeverd,
og håpet tar oss inn i si kvila

Denne dirrande natt tenner ljós i vår verd, ei natt som er større enn du trur.

Så vis oss kjære gjetargut, eit glimt av himmel i kveld.

Eg såg din himmel i kveld.

Tekst: Lars Kåre Hustoft / Åse-Torill Lillevik Melodi: Lars Kåre Hustoft

